



FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

Nye kommunar i Møre og Romsdal

Grensejustering i samband med kommunereforma

INFOskriv nr. 1/2017

Innhald

- 1. Om inndelingslova, grensejusteringar, initiativrett, søknad og fullmakt til å gjere vedtak**
- 2. Oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om å sette i gong utgreiing av grensejustering**



1. Om inndelingslova, grensejusteringar, initiativrett, søknad og fullmakt til å gjere vedtak

Endring av kommunegrenser er regulert av inndelingslova. Føremålet med inndelingslova er å legge til rette for ei kommuneinndeling som sikrar eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning. Inndelingslova er ei prosesslov som seier noko om korleis saksongongen skal vere ved endring av kommunegrenser. Inndelingslova skil mellom fire typar av grenseendringar: (1) samanslåing, (2) deling, (3) grensejustering og (4) grensefastsetting. Det er gitt ulike sakshandsamingsreglar alt etter kva type grenseendring det gjeld. Dette infoskrivet tek for seg saksongongen ved grensejusteringar.

Eit sentralt prinsipp i inndelingslova er lokal medverknad. Inndelingslova gir derfor innbyggjarar, grunneigarar og næringsdrivande med forretningsstad i kommunen, rett til å sette fram ein søknad om at det skal setjast i gong utgreiing av grensejustering. Det er tilstrekkeleg at ein innbygger sett fram ein søknad om utgreiing av grensejustering.

Søknaden skal vere skriftleg og grunngitt og den må innehalde kart med forslag til nye grenser. Søknad om utgreiing av grensejusteringar skal sendast Fylkesmannen. Fylkesmannen skal varsle dei aktuelle kommunane om eventuelle søknader som kjem inn.

Departementet (eller Fylkesmannen etter delegert mynde) skal handsame søknaden og avgjere om utgreiing av grensejustering skal setjast i gong. På bakgrunn av innhenta faktagrunnlag og gjennomført prosess (til dømes innbyggjarhøyring og uttale frå kommunane) vil Fylkesmannen gi si tilråding til saka. Søknad, saksutgreiing og Fylkesmannen si tilråding vil bli sendt over til departementet. Kommunal- og moderniseringsdepartementet treff avgjerd i saka jf. inndelingslova § 6.

2. Oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om å sette i gong utgreiing av grensejustering

Dersom det vert avgjort at utgreiing skal setjast i gong, vil departementet (eller Fylkesmannen) ha det overordna ansvaret for at det skjer ei forsvarleg saksutgreiing. Fylkesmannen skal sørge for å innhente dei viktigaste nøkkeldata om det området søknaden gjeld. Dette gjeld til dømes opplysningar om folketal, areal, geografi, reiseavstand (reiseavstand til kommunesenteret), og kommunikasjonsforhold (kollektivtilbod). Andre forhold som kan vere viktige er demografiske utviklingstrekk, flytteaktivitet, pendling (internt og mellom kommunane), næringsstruktur, næringsutvikling, byggemønster og arealbruk, inntekts- og utgiftsstruktur og det kommunale tenestetilbodet (bruk i dag og ved ei eventuell grensejustering).

Fylkesmannen kan oppmode kommunale, fylkeskommunale og andre statlege forvaltningsorgan om å medverke til saksførebuinga. Fylkesmannen vil hente inn faktagrunnlag frå sine eigne fagavdelingar, Møre og Romsdal fylkeskommune, Kartverket og Statistisk sentralbyrå.

I samband med utgreiinga vil Fylkesmannen ta direkte kontakt med søkarar og dei aktuelle kommunane både skriftleg og munnleg. Fylkesmannen vil i dialogen søke å få supplering av faktagrunnlaget, og det blir lagt opp til ei spørjeundersøking av alle innbyggjarane over 16 år i søkarområdet for grensejusteringa. Når alt faktagrunnlag er samla inn vil kommunane få høve til å uttale seg i saka.